

Bøkene om lengtten til det som var

– Vedboka, låveboka og ljàboka går rett inn i ein trend i tida.

KULTURHISTORIE

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

Det seier Dag Jørund Lønning som er professor i nyskaping og bygdeutvikling og rektor ved Høgskulen for land-

Bøkene

Ingen hadde tenkt seg at ei vedbok kunne verta ein stor internasjonal suksess, men det vart ho.

Lars Myttings bok *Hel ved* kom ut i 2011 og sidan skal ho ha vorte seld i eit opplag på til saman 350.000. I Sverige er det selt 78.000 eksemplar, i Tyskland 56.000 og no også 46.000 i Storbritannia.

I fjor kom den digre løveboka som Eva Røyranne og fotografen Oddleiv Apneseth stod bak. Berre dei færreste skjona at mange ville fatta interesse for ei bok om løer frå heile landet. Men boka er ein praktfull murstein og så langt er ho trykt i 15.000 eksemplar.

Denne hausten kjem det nye, flotte kulturhistoriske bøker frå den nære fortida. Merkeleg nok er det ikkje dei store eller mellomstore forlaga som står bak utgjevingane. Det er små forlag på bygdene.

Ueland historiske forlag har i samarbeid med fleire historielag gjeve ut *Varmen frå myra* med undertittelen «Torvskjæring på Jæren». Agronomen Sjur Håland har ført boka i pennen.

Ei anna vakker bok i den same kategorien er *Sløyd med undertittelen «Arbeid med tre»* som er skriven av Lars Wegge og gjeven ut på Tell forlag.

bruk og bygdeutvikling på Jæren.

Denne hausten har det kome fleire bøker som følgjer opp vedboka og løveboka, og som tek for seg den nære fortida, dei gamle arbeidsmetodane og bruken av den gamle reiskapen. Mellom anna har det kome ei påkosta bok om ljàslått, ei bok som tek for seg torvtaking og ei bok om tresløyd.

TREND

Rektor og professor Dag Jørund Lønning meiner at denne trenden har vakse fram dei seinaste åra.

– Nordmenn er ikkje ei urban folkeferd. Me har berre ein sjølv-erklært urbanist i dette landet. Det første nordmenn gjer når me flyttar frå storbyen, er å finna for- einingar som dyrkar kulturen på heimstaden vår.

Lønning viser til fleire aktuelle fjernsynsprogram som er uttrykk for litt av det same. Som til dømes «Der ingen kunne tru at nokon kunne bu» og ikkje minst «Norge rundt».

– Kvar fredag ser me på den gamle kona som sit på ein fjelltopp og strikkar nissar. Det har me gjort i førti år, og det tek ikkje slutt. Sjølv om mange nordmenn bur i byar, er me ikkje eit urbant folk. Me dyrkar framleis bygda og bygdekulturen, seier han.

Også i populære fjernsynsseriar som «Farmen» og «Anno» står dei gamle arbeidsmetodane sentralt.

ANSVARSSAMFUNNET

Men denne orienteringa kjem ikkje berre til uttrykk på fjernsynet. Lønning merkar stor interesse for det han har skrivne på landbruksbloggane.

– Nyleg skreiv eg om eit alter-

nativt samfunn – om overgangen frå forbrukarsamfunnet til det som eg har kalla ansvarssamfunnet, og eg fekk svært mange tilbakemeldingar. Det skjer noko når me får dei store globale utfordringane innpå oss.

I sommar deltok Lønning på den store internasjonale berekraftkongressen i California.

– Det var i høgborga til forbrukarsamfunnet, men også der kunne ein registrera at fire år med tørke gjer noko med sjølv den mest hardbarka forbrukaren. Stadig fleire innser at forbrukarsamfunnet ikkje kan veksa inn i himmelen, og at me må tenkja annleis.

Lønning meiner at den raske framveksten av Miljøpartiet Dei Grøne er uttrykk for det same.

– Det er eit parti som er heilt annleis enn dei andre partia, og som uttrykkjer ønske om eit alternativt samfunn.

VERDIKOMMISSJON

I tre år har Lønning vore ekspertrådgjevar for EU-kommi-



I dag står mange av Noregs låver tomme, men med boka *Norges låver* greidde Eva Røyranne og Oddleiv Apneseth å gjera dei synlege både som arkitektur og som brukshus.

sjonen, og han har vore tett på utfordringane.

– I Noreg har me vore verna mot dei, men no kjem dei til oss også. Det gjer noko med oss, og me vil sjå stadig meir til at folk byrjar å diskutera alternative

SMÅBRUKSDRAUMEN

Lønning viser til at for fjerde eller femte året på rad er ordet «småbruk» det meste brukte søkjeordet for eigedomssøk på Finn. no. «Gårdsbruk» er ein god nummer to.



– Avstanden har auka mellom mennesket og makta.

Professor Dag Jørund Lønning

verdiar. No hadde det vore større rom for Kjell Magne Bondeviks Verdikommissjon enn det var for snart tjue år sidan. Den gongen vart han på mange vis gjort til lått, men no er det mange som innser at det trengst ein slik kommisjon.

– Kva oppgåve burde kommisjonen hatt?

– No talar alle om det store, grøne skiftet og bioøkonomi. Likevel er det ein diskusjon som er nesten heilt tom for innhald og drøfting av kva me skal leva av i framtida. I lang tid har me utvikla samfunnet i heilt feil retning, og avstanden har auka mellom mennesket og makta. I dag er det ekspertane som skal meina noko. Kvar statsråd har tre-fire ekspertutval, men dei spør ikkje folket. Dette må endrast totalt, og folk må få lov til å involvera seg i ein fri og open diskusjon – om det skal vera meining i å tala om det grøne skiftet.

– Sjølv sagt er det ein barriere frå å tenkja noko til å gjera det, men det må vera uttrykk for noko når så mange leitar opp småbruk og drøyer om ein annan måte å leva på. I dag er det fleire som realiserer draumen, og det er fascinerande at fleire hundre tusen tenkjer på å gjera det.

– Er det uttrykk for reelle ønske, eller er det berre snakk om ein draum?

– For mange er det snakk om eit reelt ønske. Det undrar meg at kommunane ikkje greier å tenkja nytt og koma opp med noko anna enn berre standardiserte bustadfelt med tomter på nokre hundre rutemeter. Det finst mange som ønskjer å leva livet sitt på litt annleis vis.

– Du meiner at dei nemnde bøkene er uttrykk for noko meir enn nostalgi?

– Eg trur ikkje at det handlar så mykje om nostalgi og drau-



Blomeenga er ein utruleg viktig levestad for bier og humler. Utan dei vil matproduksjonen vår bryta saman, slår Hans Petter Evensen fast. Foto: Hans Petter Evensen.

men om å venda tilbake til det som var. Det som skjer no, er meir knytt til vår tid. Me vil ha frie val, me vil vera forbrukarar, me vil vera i sentrum, men samstundes hentar me litt frå fortida og blandar det med import, og så vert det noko nytt. Det er mange unge familiar som er opp- tekne av den nye trenden, og dei har ikkje grunn til å vera nostalgiske. Det er heller snakk om ei ny kulturforming, og det påverkar handlingane våre.

EI BJØRNETENESTE

Dei seinaste åra har drifta på tusenvis av norske gardar vorte lagd ned, og svært mange av dei ligg brakk.

– Alt er ikkje landbruksminis-

ter Sylvi Listhaugs feil. Ein har late seg driva inn på eit spor der ein har hamna i ein kvantifiserande dødsdal. Det er berre det som kan teljast, målast, vegast og reknast som er gjeldande. Samstundes veks det fram eit samfunn med eit heilt anna verdissyn, seier Lønning.

Han viser til at av dei ungdommane som byrjar på første året på landbruksutdanninga, så er jentene i fleirtal.

– Men ser ein på kven som går ut som ferdig utdanna agronomar etter tre år, er det gutane – dei som er interesserte i store maskiner. Dei etablerte sanningane skuvar dei nye ideane bort. Men ein gjer seg sjølv ei bjørneteneste når ein ikkje ser dei store

omveltningane som skjer, og kva potensial landbruket har, og kva som ligg i det grøne skiftet. Der ligg den store utfordringa i framtida. Når verda vert vanskeleg og trugande, byrjar ein kanskje å innsjå at ressursane kan brukast på anna vis. Me har svært mange utfordringar framfor oss. Folk er usikre, og då grip ein fort til det som er nært og kjent.

Lønning viser til at me her i landet berre har 3 prosent dyrkbar mark og det fordelt på små flekker over heile landet.

– Difor må ei stimulera til at folk vert buande der, og ikkje kutta dei ordningane som gjer at folk kan bu og produsera med basis i naturressursane, seier Dag Jørund Lønning.

Mannen med ljàane

Kven skulle tru at det gjekk an å laga ei diger bok om noko så enkelt som ljàslått?

BØKER

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

Men det har Hans Petter Evensen (73) frå Torpo i Hallingdal gjort. Han har vore lærar på landbrukskule i mange år, og i nærare 25 år har han vore rettleiar på Naturvernforbundets årlige slåttekurs i Nedre Eiker.

– Sjølv om eg er pensionist

offentleg landbruksforvaltning.

Opp gjennom åra har Evensen lært folk å slipa, å setja ljàen på orvet på rett vis og ikkje minst – sjølv slåtteknikken. Dessutan legg han vekt på å læra bort korleis ein skal ta vare på avlinga, anten gjennom hesjing, breiing som kompost eller jorddekke i ein hage.

EIT TIÅRSPROSJEKT

Det er tjue år sidan Evensen

– Bruk av ljà, lauvkniv, bryne, rive, bakkettørking og bering eller trekking av avlinga har ei meir enn tusen år gammal historie, slår Evensen fast.

NATURBRUKARAR

Mange bønder har teke vare på den gamle reiskapen.

– Midt på vinteren har eg kome til folk og spurt om dei har orv og ljàar liggjande, og på fem minutt har dei srilt opp med

men samstundes brukar folk med ein grasplen på 100 kvadratmeter ein støyande, motorisert grasklippar og mykje bensin. Dei burde prøva ljàslått. Ein velslegen grasplen er eigentleg ein biologisk ørken. Kvifor ikkje la delar av planen utvikla seg til ei artsrik blomeeng som berre treng slått ein gong om hausten?

Blomeenga er ein utruleg viktig levestad for bier og humler, og utan dei ville store delar av mat-

Rumenarane har ein heil del å læra oss både når det gjeld å ta vare på naturen og å driva berekraftig landbruk. I fleire europeiske land er folk oppe i fjella flinke til å ta vare på tradisjonane.

– Her i landet brukar ikkje den moderne, matproduserande bonden ljà. Han må stadig effektivisera for at maten skal verta så billig som råd, seier Evensen.

Det har vore lett å få folk til å «prata ljà».

– Mange er interesserte i å fortelja. Det kan vera både gode og tøffe minne om sli-

